



VELKOMEN TIL VESTBYGD SFO

No er det skulestart og vi vil ynskje velkommen til både "nye" og "gamle" SFO-born.

Nokre har allereie gått ei stund og nokon byrjar no ved skulestart.

Dei som skal arbeide på SFO dette året er: May Britt Husa, Camilla Raa, Tone Jordal, Ann Kristin Hannisdal, Rigmor Skurtveit og Audhild Knarvik.

Det er 42 born påmeldt SFO.

Alle på 1.-4. trinn har lik start og sluttid på skulen. Skulestart alle dagar kl 8.30.

Skuleslutt kl 12.45 mån-, tors- og fredag og kl 14.15 tys- og onsdag.

Alle SFO barna vil gå i ei gruppe som held til på småskuleavdelinga. Vi vil dele opp i mindre grupper ved aktivitetar og måltid.

Klede

Borna må ha liggjande ekstra klede på skulen som dei kan nytte på SFO.

Vi er ute kvar dag, så dei må kle seg etter veret.

Viktig: Hugs å skrive namn på føttøy og klede.

Borna må ha joggesko når dei går i gymsal med SFO. Desse kan dei og bruke i gymtimar og til innesko. Alle må ha innesko m/ namn. Vil ha faste tider for bruk av gymsal etter kvart.

Dagsrytme.

Morgen. Frileik. Dei som vil ete frukost må ha med mat til det. Dei et stort sett når dei kjem om morgonen. Alle går ut til kl 8.15 slik at lærar får gjere klart til skulestart i klasserom. Det betyr at dei som skal ete frukost på SFO må koma seinast 8.00.

Etter skule: Tysdag og onsdag må dei ha med matpakke og drikke til SFO måltidet. Dei et då i klasseromma rett etter skuleslutt kl 14.15. 4.kl går til 1.kl. sitt rom og et saman med dei. 3.kl går til 2.kl sitt rom.

Måndag, torsdag og fredag vert det mat på skulekjøkkenet.

1. og 4.klasse går då rett til mat etter skuleslutt, 2.klasse ca kl 13.10 og 3.klasse ca kl 13.30

Måndag varm mat.

Torsdag frukostblanding eller knekkebrød.

Fredag brødmat.

Etter mat leikar borna ute eller inne, eller er med på ulike aktivitetar etter ynskje.

Første skuledag torsdag 15.8 er det vanlig SFO.

Første skuledag er det mange inntrykk for førsteklassingane. Mange synast det er nok med skuledagen og vil ta borna med heim etter skuleslutt. Det er heilt greitt. Berre gi beskjed til meg.

Dei som skal på SFO blir lese opp av lærar og gjer seg klar til å gå til mat.

Drikkeflaske.

Fint om alle har ei drikkeflaske i sekken. Dei kan fylle på vatn her på skulen og drikke når dei vert tørst.

Visma meldingsteneste.

Beskjedar om at borna ikkje skal på SFO, skal vere med andre heim eller sendast til anna tid enn vanleg, registrerast i Visma – anten via app eller i føresettportalen. Faste avtalar er å føretrekkje. Meldingar må seinast leggjast inn **før kl 10 same dag. Meldingar etter den tid må sendast til SFO-mobil.**

Dersom barnet ikkje skal nytta SFO tilbodet som avtalt må vi ha melding om det.

Eigne leikar anbefaler vi at borna held heime. Dette av di vi opplever at det lett vert konfliktar og uro rundt private leiker, i tillegg kan dei verte øydelagte.

Foreldremøte vert arrangert same dag som skulen arrangerer foreldremøte for 1. kl. Det kjem innkalling.

Påmelding til feriar vert det sendt ut link til, svarfrist ca. 3 veker før kvar ferie.

Er det noko du lurer på så ta kontakt. Personalet er pålagt vanleg teieplikt.

Tlf. til SFO er mob 40907662

Vestbygd skule 13.08.24

Helsing Audhild Knarvik

SFO- leiar